

# Kom lat oss skunda

# oss til livet

Heime

11/2-1963

Kom, lat oss skunda oss til livet!  
Kristus skal eiga oss.  
Han hev vårt fribomsbrev skrivet  
fest til ein blodig kross.

Kom, lat oss skunda oss til livet!  
Tidi so ousnøggst skrid —  
Me vil til takk vår Frelsar give  
helle vår livetid.

Kom, lat oss skunda oss å leva:  
Etter Guds vilje trå!

Herren vil sjølv oss livsplan  
gjeva  
når i hans Ord me sjå.

Kom, lat oss skunda oss å leva:  
Søkja Guds rike fyrst.  
Ikkje på verdsens vegar driva  
— fylgjande eigi lyst.

Kom, lat oss skunda oss å leva:  
Røma frå synd og last.  
Ikkje gjerandslause spiva, —  
Herrens ærend hev hast!

Johs. M. L. Rydland.